



Psw Technology AS
Mongstad Næringspark Storemyra 247
5954 MONGSTAD

Referanser:

Dykkar:

Vår: 18/19 - 18/11572

Saksbehandlar:

Linda Folkestad

Linda.Folkestad@lindas.kommune.no

Dato:

10.04.2018

Etterlyser årsrapport for fettutskiljar - gbnr 127/117 - Førehandsvarsel om tilsyn

Teknisk drift kan ikkje sjå å ha motteke årsrapport for fettutskiljar anlegg ved gbnr 127/117 med adresse Storemyra 251, 253 og 257. Frist for innsending av rapport var 01.02.2018.

Som abonnent på avløpstenester i Lindås kommune er det Mojo Eiendom AS som har hovudansvar for at det vert sendt inn dokumentasjon på utskiljaranlegg ved gbnr 127/117. Dokumentasjonen skal vise at anlegg tilfredsstillar krav til utslepp. Mojo Eiendom AS har også som grunneigar juridisk ansvar for anlegg som er knytt på kommunalt leidningsnett.

Teknisk drift ber PSW Technology AS om å få sendt inn årsrapport for utskiljaranlegg omgåande. Rapport skal ha følgjande dokumentasjon:

- Årsrapport for anlegg
- Dokumentasjon på at det er gjennomført minst 3 tømminger for 2017.
- 2 temperaturlogger som viser at anlegg stettar krav til fettinnhald i utsleppsvatn. Temperaturlogg skal være utført over 3 døgn og når anlegg er i full drift.
- Drift og vedlikehaldsrapport for anlegg

Lindås kommune skal føre kontroll over alle utskiljaranlegg som har utslepp av fetthaldig avløpsvatn til kommunalt leidningsnett. Det er viktig at kommunen får kontroll over anlegga slik at ein unngår utslepp av fett på kommunalt leidningsnett, pumpestasjoner og reinseanlegg. Fett som vert avsett i kommunalt nett og som vert ført til pumpestasjoner og reinseanlegg medføre store drifts- og vedlikehaldskostnader for kommunen. Dette er kostnader som kommunen må dekke via gebyr eller ved å fakturere den ansvarlege for utslepp av fetthaldig avløpsvatn.

Fett som avleirast i leidningsnett kan òg medføre at ein får tilbakeslag av fetthaldig avløpsvatn/kloakk i bygg. Vi gjer merksam på at kommunen ikkje er ansvarleg for slike hendingar. Den einskilde huseigar må sjølv sørge for å få utbetra og dekke kostnaden ved slike hendingar.

Post

postmottak@lindas.kommune.no
Dokumentsenteret
Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø

Kontakt

www.lindas.kommune.no
Telefon +47 56 37 50 00
Telefaks +47 56 37 50 01

Konto 3201.05.89311
Org.nr. 935 084 733

DER DRAUMAR BLIR RØYNDOM



Frist for innsending av årsrapport vert sett til: måndag 30.04.2018.

Førehandsvarsel om tilsyn:

På bakgrunn av manglande rapportering av anlegg ser vi eit behov for å føre tilsyn med anlegg i kommunen. Teknisk drift gir med dette brev eit førehandsvarsel om tilsyn av anlegg ved gbnr 127/117. Tidspunkt for tilsyn vil vi komme tilbake til i eget vedtak – varsel om tilsyn.

Kopi av brev er sendt til Mojo Eiendom AS.

Med helsing

Arne Helgesen
Avdelingsleiar vatn og avløp

Linda Folkestad
saksbehandlar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Mojo Eiendom AS

v/ Mongstad
Administrasjon
Storemyra 162

5954

MONGSTAD

Mottakarar:

Psw Technology AS

Mongstad
Næringspark
Storemyra 247

5954

MONGSTAD